## Strategisk samarbeidsutval (SSU)
## i helsefellesskapet i Helse Bergen sitt føretaksområde

# Referat

| | |
|---|---|
| **Møte:** | 1 - 2022 |
| **Tid:** | 24.oktober 2022, kl. 12:00 – 14:00 |
| **Stad:** | Bergen Kommune Rådhus |
| **Til stades:** | **Frå spesialisthelsetenesta**<br>Randi- Luise Møgster (Helse Bergen), Anne Taule (Helse Bergen), Hans Olav Instefjord (Helse Bergen), Rebekka Ljosland (Haraldsplass diakonale sjukehus), Anders Hovland (Solli)<br><br>**Frå kommunane**<br>Ørjan Raknes Forthun (Nordhordland), Trond Egil Hansen (Bergen Kommune), Mads Hagebø (Bergen kommune), Johnny Breivik (Bergensregionen), Kjersti Nordanger (Voss lokalsjukehus område)<br><br>**Frå brukarorganisasjonar**<br>Ida Nordvik (brukarrepresentant spesialisthelsetenesta), Jan Elvøy (vara brukarrepresentant spesialisthelsetenesta), Bjørn Sivertsen (kommunal brukarrepresentant)<br><br>**Andre**<br>Grete Wold (Fastlege), Eystein Hauge (kommuneoverlege), Hilde Ystanes (KS)<br><br>**Frå SSE:** Anne Kvalheim, Linn Kästel, Eirik Vestrheim, Reidun Braut Kjosås, Elena Sandgathe , Anne Hildegunn Færøy og Trude Hjortland |
| **Ikkje møtt:** | Bjørg Merete Hjallen (representant arbeidstakerorganisasjon), Lisa Normann Styve |
| **Møteleiar:** | Ørjan Raknes Forthun |
| **Referent:** | Samarbeidssekretariatet |

| Saksnr | Sak |
|---|---|
| **01/22** | **Godkjenning av innkalling og saksliste**<br><br>**Vedtak:**<br>Innkalling og saksliste godkjent utan merknader |
| **02/22** | **Oppsummering konstitueringsmøte 16. september**<br><br>Det vart vist til punkta i oppsummeringa frå konstitueringsmøte til SSU 16. september 2022 (sjå presentasjon vedlagt innkalling til møte).<br><br>**Innspel i møtet**<br>SSU poengtert at dei må vere eit organ der det vert fokusert på felles utfordringar og felles mål, og at SSU må jobbe for å ha gjennomslagskraft noko som vert oppnådd gjennom konsensus. Aktive medverknadsprosessar kan motverke usemje. Det er viktig at det vert lagt til rette for en støttestruktur, spesielt for brukarrepresentantane. Eit SSU med gjennomslagskraft forutset også at det vert jobba mellom møta, her vil Samarbeidssekretariatet (SSe) vere sentralt. |

| | |
|---|---|
| | **Konklusjon:**<br>Oppsummeringa frå møtet 16.sep vert teke med i vidare arbeid i SSU. |
| **03/22** | **Strategisk samarbeidsutval (SSU)**<br>• Gjennomgang og diskusjon av mandat og arbeidsprosessar<br>• Arbeid i grupper og plenumsdiskusjon<br>Møteleiar presenterte oppgåvene som er lagt til SSU, slik det er semje om i Overordna samarbeidsavtale. Jf. Pp-presentasjon nytta i møtet.<br><br>Vedlegg til referatet:<br>Vedlegg 1. Pp-presentasjon nytta i møtet<br>Vedlegg 2. Oppsummering av gruppearbeid<br><br>**Konklusjon:**<br>- SSU ønskjer meir informasjon om nasjonale parameter/styringsdata for arbeidet knytt til dei fire prioriterte pasientgruppene.<br>- Saker som bør inn som fast post i SSU:<br>    - bli orientert om aktiviteten i OU |
| **04/22** | **Felles handlingsplan 2022**<br>Gjennomgang av oppbygging av felles handlingsplan 2022<br>Samarbeidssekretariatet presenterte kort korleis arbeidet med felles handlingsplan har vore gjennomført i samhandlingsstrukturen fram til no. Det kom ikkje fram forslag eller ønsker om endringar i møtet.<br><br>**Konklusjon:**<br>Status for felles handlingsplan 2022 og forslag til prosess for arbeidet med felles handlingsplan 2023 vil vere sak på dei komande Områdeutvalsmøta. Innspel og synspunkt frå Områdeutvala vil bli løfta inn i neste SSU møte 30 nov. |
| **05/22** | **Samarbeidssekretariatet (SSE)**<br>Utvalet drøfta forventningar til SSE i ny struktur:<br>- viktig å drøfte og avklare om sekretariatet har nok ressursar og riktige ressursar; det må tas stilling til forankring og dimensjonering.<br>- utpeiking av kommunal leiar i SSE.<br>Det er semje om at leiarskapet i SSE må avklarast innan kort tid.<br><br>**Konklusjon:**<br>- Representantane frå spesialisthelsetenesta avklarar kven som skal ivareta leiarfunksjon i SSE frå spesialisthelsetenesta<br>- Representantane frå kommunane avklarar kven som skal ivareta leiarfunksjon frå kommunane |
| **06/22** | **Retningsline for deltaking og representasjon i helsefellesskape**<br>Samarbeidssekretariatet presenterte utkast til retningsline for deltaking og representasjon i helsefellesskapet i Helse Bergen sitt føretaksområde<br>Innspel frå SSU:<br>    - Vara for bruker, fastlege og arbeidstakarorganisasjonar kan møte og har da også talerett dersom dei møter og deltar i møtet.<br>    - Vara skal bli honorert for oppmøte |

| | |
|---|---|
| | Utkast til retningsline vil bli lagt fram til orientering i områdeutvala sine møter i november 22.<br><br>**Konklusjon:**<br>SSU takkar for orienteringa og ber SSE inkludere forslag til endringar før utkast til retningsline vert lagt fram for områdeutvala for innspel. Det er mål om at retningslina vert lagt fram til endeleg handsaming i neste SSU-møte. |
| **07/22** | **Eventuelt**<br>Anders Hovland (Solli DPS) meldte inn sak om representasjon frå dei private ideelle innan psykisk helsevern. Saka vart meldt inn same dag og vert ikkje handsama. |